

## Uønskte hendinger i fødselsomsorga

Dei siste ti åra har Meldesentralen årleg registrert mellom 150 og 200 meldingar om uønskte hendingar knytte til fødslar. Meldesentralen er ein database for meldingar om uønskte hendingar i spesialisthelsetenesta. Meldingane om fødslar utgjør omtrent åtte prosent av alle melde hendingar i denne perioden.

Dei hyppigast melde skadane på mødrer er rifter i nedre del av fødselskanalen og kraftig bløding under fødsel. Dei hyppigast melde skadane på barna er mangel på eller fare for mangel på oksygen under fødsel, brot (fraktur) og skadar på nervar og blodårer i skulder (plexusskade).

Medisinsk fødselsregister, som hentar inn data frå alle fødslar i Noreg, registrerer årleg over 200 frakturar eller plexusskadar på barn. Skadane kjem i samband med kompliserte forløyisingar. Færre enn ti prosent av desse skadane kan finnast att blant melde skadar på barn i Meldesentralen. Det er nærliggjande å spørje om denne forskjellen er uttrykk for at frakturar og plexusskadar oppfattast som pårekeleg risiko? Kan vi auke pasienttryggleiken i fødselsomsorga ved oftare å vurdere desse skadane som uønskte hendingar, analysere kva årsaker som ligg bak hendingane, og endre praksis?

Gjennomgangen av meldingane viser at risikoen for uheldige hendingar i fødselsomsorga aukar når fødselsforløpet er komplekst. Ein må derfor fokusere særskilt på pasienttryggleik når det er behov for avansert overvaking og intervensjon.

### Eksempel:

«Den kontinuerlege registreringa av fosterlyden hos barnet viste at barnet var truga. Assistentlegen blei tilkalla, og det blei konferert med overlegen. Eit katastrofekeisarsnitt blei utført ved akutt forverring. Barnet blei stabilisert og sendt vidare til behandling.

Mogleg betringstiltak: I dette tilfellet burde overlegen ha vore meir var når assistentlegen formidla uvisse om korleis han skulle tolke tilstanden, og burde ha komme til avdelinga og vurdert situasjonen saman med assistentlegen.»

